

**Kvartalsrapport**  
**pr. 31.03.2019**

## KVARTALSRAPPORT PR. 31.03.2019

### Revisjon

Luster Sparebank sin rekneskap pr. 31.03.2019 er ikkje revidert.

### Resultat

Banken har pr. 31.03.2019 oppnådd ein rentenetto på kr. 14,1 mill. Rentenettoen utgjer i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital (gfk) 1,54 %. På same tidspunkt i fjor var rentenettoen kr. 13,7 mill. og i prosent av gfk 1,61 %. Rentenettoen i kroner har auka med kr 0,4 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Rentenettoen i prosent har gått ned med 0,07 %.

Innskot har auka meir enn utlån. Differansen har ein plassert i pengemarknadsfond. Avkastning på pengemarknadsfond er lågare enn avkastning på utlån. Avkastning på pengemarknadsfond blir klassifisert som utbytte og er såleis ikkje ein del av rentenettoen. Dette reduserer rentenetto i %.

Luster Sparebank har plassert likviditetsbufferen i obligasjonsfond. Også avkastninga på obligasjonsfond blir i rekneskapet klassifisert som utbytte. Dette bør ein vera klar over ved samanlikning av rentenettoen i Luster Sparebank med rentenettoen i andre bankar.

Netto andre driftsinntekter pr. 31.03.2019 er på kr 8,9 mill. og er med dette kr 5,6 mill. høgare enn på same tidspunkt i fjor. Luster Sparebank har seld aksjar med vinst på kr 3,3 mill. Avkastning på rentefond er også mykje høgare enn pr. 31.03.2018. Dette skuldast både auke av midlar plassert i pengemarknadsfond og høgare avkastning i prosent på banken sin likviditetsbuffer som er plassert i obligasjonsfond.

Sum driftskostnader har auka med kr 0,2 mill. i forhold til same tidspunkt i fjor.

Driftsresultat før tap og netto vinst/tap anleggsaksjar er på kr 12,3 mill. som er kr 5,8 mill. betre enn på same tidspunkt i fjor.

Tap på utlån og garantiar er kostnadsført med kr 1,1 mill. Det alt vesentlege av dette skuldast auke i avsetnad på grupper.

Etter skatt blir resultatet for perioden kr 8,5 mill. mot kr 5,1 mill. på same tidspunkt i fjor. Vinst på aksjar og høgare avkastning på rentefond er årsaken til at resultatet er betre enn det var pr. 31.03.2018.

### Balansen

Banken sin forvaltningskapital pr. 31.03.2019 er på kr 3.744,1 mill. Veksten siste 12 månader er på kr 248,2 mill. (7,1 %). Forretningskapitalen som også inkluderer lån overført til Verd Boligkreditt AS, er pr. 31.03.2019 på kr 4.357,4 mill. Veksten i forretningskapital siste året er på kr 262,3 mill. eller 6,1 %.

Utlån til kundar på eigen balanse er bokført med kr 2.968,3 mill. Veksten siste 12 månader er på kr 117,0 mill. eller 4,1 %. Utanfor balansen har banken pr. 31.03.2019 overført kr 613,3 mill. til Verd Boligkreditt AS. På same tidspunkt i fjor hadde banken overført kr 599,2 mill. Samla utlån inkludert overførte lån til Verd Boligkreditt AS har dermed siste 12 månader auka med kr 131,1 mill. eller 3,8 %. Utlånsvolum på eigen balanse pr. 31.03.19 var fordelt med 25,6 % på næring og 74,4 % på personmarknad og offentleg sektor. På same tidspunkt i fjor var fordelinga 26,4 % på næring og 73,6 % på personmarknad og offentleg sektor.

Innskot frå kundar er bokført med kr 2.608,1 mill. Veksten siste året er på kr 141,7 mill. eller 5,74 %.

Banken har langsiktig lånt inn kr 180 mill. frå Kredittforeningen for Sparebanker. Banken har teke opp obligasjonslån for kr 445,2 mill. Banken si innskotsdekning er 87,9 %. I dette nøkkeltalet er lån overført til bustadkreditselskap halde utanfor.

### Mislegald, tapsnedskrivningar og tap

Mislegaldne og tapsutsette utlån utgjer kr 32,1 mill. kr. pr. 31.03.2019. Dette er ein auke på kr 1,6 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Samla tapsnedskrivningar har auka med 1,3 mill. kr samanlikna med same tidspunkt i fjor. Nedskrivning på grupper har gått ned mens nedskrivning på enkeltengasjement har auka.

Luster Sparebank har ein nøktern risikoprofil i si kredittgjeving og andre plasseringar. Banken har ikkje endra kredittrisikoprofil så langt i 2019.

### **Kapitaldekning**

Luster Sparebank nyttar standardmetoden for kredittrisiko og basismetoden for operasjonell risiko.

Pr 31.03.2019 har banken ein netto ansvarleg kapital på kr 409,4 mill. Heile banken sin netto ansvarlege kapital er rein kjernekapital. Med eit berekningsgrunnlag på kr 2.032,0 mill. gir dette ei rein kjernekapitaldekning på 20,15 %.

Perioderesultatet så langt i år er ikkje teke med i utrekning av kapitaldekning då rekneskapen ikkje er revidert. Dersom banken sitt resultat pr. 31.03.2019 hadde vore inkludert i ansvarleg kapital, hadde kapitaldekninga vore på 20,56 %.

Frå og med 01.01.2018 skal eigarpostar på under 10 % i samarbeidande grupper inn i banken sin konsoliderte kapitaldekning. Luster Sparebank har eigarandelar i Verd Boligkreditt AS (7,1 %) og Brage Finans AS (1,59 %) og desse må konsolideras. Etter konsolidering har Luster Sparebank ei rein kjernekapitaldekning på 19,30 %, ei kjernekapitaldekning på 19,52 % og ei kapitaldekning på 19,73 %.

### **Utsiktene for resten av året**

Luster Sparebank sitt resultat for første kvartal 2019 er godt. Likviditeten er god. Banken har god kapitaldekning. Styret er tilfreds med utviklinga så langt i 2019 og har forventingar om at den positive utviklinga vil fortsette utover året.

**Gaupne, 26.04.2019**

### **I styret for Luster Sparebank**

Bjarne Venjum  
Styreleiar

Ove Nyland

Siri Johanne Solberg Dalehaug

Anette Stegegjerdet Norberg

Inge Teigen

Oddstein Haugen  
Banksjef

**RESULTATREKNESKAP**

(Tal i heile 1.000)

	01/01 til 31/03 2019	01/01 til 31/03 2018	01/01 til 31/12 2018
Renteinntekter og liknande inntekter	25.035	22.383	95.279
Rentekostnader og liknande kostnader	10.942	8.726	37.292
<b>Netto rente og provisjonsinntekter</b>	<b>14.093</b>	<b>13.657</b>	<b>57.987</b>
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	2.636	584	6.554
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	3.036	2.578	12.809
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-335	-284	-1.871
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidler	3.266	123	415
Andre driftsinntekter	275	312	1.144
<b>Netto andre driftsinntekter</b>	<b>8.878</b>	<b>3.313</b>	<b>19.051</b>
Personalkostnader	5.546	5.338	20.490
Administrasjonskostnader	3.738	3.574	14.918
Ordinære avskrivningar	296	405	1.376
Andre driftskostnader	1.059	1.109	3.641
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>10.639</b>	<b>10.426</b>	<b>40.425</b>
<b>Driftsresultat før tap og netto vinst/tap anleggsaksjar</b>	<b>12.332</b>	<b>6.544</b>	<b>36.613</b>
Tap på utlån, garantiar m.v.	1.066	-244	2.243
Netto vinst/tap anleggsaksjar	0	0	-7.223
<b>Resultat av ordinær drift før skatt</b>	<b>11.266</b>	<b>6.788</b>	<b>41.593</b>
Skatt på ordinær resultat	2.816	1.697	8.095
<b>Resultat av ordinær etter skatt</b>	<b>8.450</b>	<b>5.091</b>	<b>33.498</b>

**BALANSE****(Tal i heile 1.000)**

<b>EIGENDELER</b>	<b>30.03.19</b>	<b>31.03.18</b>	<b>31.12.18</b>
Kontantar og fordringar på Norges Bank	48.947	50.005	48.483
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	126.355	157.768	203.292
- Utlån til og fordringar på kundar	2.968.265	2.851.257	3.012.366
- nedskrivningar på individuelle utlån	-9.497	-3.941	-10.029
- Nedskrivningar på grupper av utlån	-13.800	-18.100	-13.000
Sum netto utlån til og fordringar på kundar	2.944.968	2.829.216	2.989.337
Overtekne eigendeler	308		308
Sertifikater, obligasjonar og andre rentebærande verdipapir	25.169	20.143	25.169
Obligasjons- og pengemarknadsfond	455.325	305.824	256.901
Aksjar og aksjefond	99.574	89.912	91.004
Utsett skattefordel	6.116	5.488	6.116
Varige driftsmidlar	5.494	5.968	5.594
Andre eigendeler	0	1.270	22.688
Forskotsbetalte kostnader og opptente inntekter	31.868	30.370	15.923
<b>SUM EIGENDELER</b>	<b>3.744.124</b>	<b>3.495.964</b>	<b>3.664.815</b>
<b>GJELD OG EIGENKAPITAL</b>			
Gjeld til kredittinstitusjonar	180.000	180.000	180.000
Innskot frå og gjeld til kundar	2.608.124	2.466.454	2.522.750
Gjeld stifta ved å utstede verdipapir	445.002	374.985	459.951
Anna gjeld	10.794	12.212	16.712
Påløpte kostnader og mottekne ikkje opptjente inntekter	14.776	13.406	8.424
Avsetning for påløpte kostnader og forpliktingar	16.970	14.306	16.970
Sum gjeld	3.275.666	3.061.363	3.204.807
Sparebankens fond	441.308	410.810	441.308
Gåvefond	18.700	18.700	18.700
Udisponert overskot	8.450	5.091	0
Sum eigenkapital	468.458	434.601	460.008
<b>SUM GJELD OG EIGENKAPITAL</b>	<b>3.744.124</b>	<b>3.495.964</b>	<b>3.664.815</b>
Garantiansvar	38.395	38.932	39.037
Pantsetjingar	50.919	50.652	50.919
Lån overført til Verd Boligkreditt AS	613.321	599.182	625.401
Gjennomsnitleg forvaltningskapital	3.704.470	3.457.133	3.538.238

<b>RESULTATANALYSE</b> (i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital)	<b>01/01 til 31/03 2019</b>	<b>01/01 til 31/03 2018</b>	<b>01/01 til 31.12.18</b>
Renteinntekter og liknande inntekter	2,74 %	2,63 %	2,69 %
Rentekostnader og liknande kostnader	1,20 %	1,03 %	1,05 %
<b>Netto rente og provisjonsinntekter</b>	<b>1,54 %</b>	<b>1,61 %</b>	<b>1,64 %</b>
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	0,29 %	0,07 %	0,19 %
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	0,33 %	0,30 %	0,36 %
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-0,04 %	-0,03 %	-0,05 %
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidler	0,36 %	0,01 %	0,01 %
Andre driftsinntekter	0,03 %	0,04 %	0,03 %
<b>Netto andre driftsinntekter</b>	<b>0,97 %</b>	<b>0,39 %</b>	<b>0,54 %</b>
Personalkostnader	0,61 %	0,63 %	0,58 %
Administrasjonskostnader	0,41 %	0,42 %	0,42 %
Ordinære avskrivningar	0,03 %	0,05 %	0,04 %
Andre driftskostnader	0,12 %	0,13 %	0,10 %
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>1,16 %</b>	<b>1,23 %</b>	<b>1,14 %</b>
<b>Driftsresultat før tap og skatt</b>	<b>1,35 %</b>	<b>0,77 %</b>	<b>1,03 %</b>
Tap på utlån, garantiar m.v.	0,12 %	-0,03 %	0,06 %
Netto tap/vinst anleggsaksjar	0,00 %	0,00 %	-0,20 %
<b>Resultat av ordinær drift før skatt</b>	<b>1,23 %</b>	<b>0,80 %</b>	<b>1,18 %</b>
Skatt på ordinært resultat	0,31 %	0,20 %	0,23 %
<b>Resultat av ordinær etter skatt</b>	<b>0,93 %</b>	<b>0,60 %</b>	<b>0,95 %</b>

## REKNESKAPSPRINSIPP

Rekneskap for 1. kvartal 2019 er sett opp i samsvar med rekneskapslov av 1998, god rekneskapsskikk og forskrift om årsrekneskap for bankar.

Rekneskap for 1. kvartal 2019 er ikkje revidert.

## TAP, TAPSNEDSKRIVINGAR OG MISLEGHOLD

(tal i heile kr 1.000)	31.03.19	31.03.18	31.12.18
<b>Tap på utlån og garantiar</b>			
Endring individuelle nedskrivningar inkludert amortisering	-273	-186	6.397
Endring i nedskrivning på grupper av lån	800	-200	-5.300
Konstaterte tap i perioden med tidlegare nedskrivning	262	84	247
Konstaterte tap i perioden utan tidlegare nedskrivning	296	84	1.180
Inngang på tidligare konstaterte tap	-19	-26	-282
<b>Netto kostnadsført vedk. tap på utlån</b>	<b>1.066</b>	<b>-244</b>	<b>2.243</b>
Endring i individuelle tapsnedskrivningar på garantiar	0	0	0
<b>Tap på utlån, garantiar m.v.</b>	<b>1.066</b>	<b>-244</b>	<b>2.243</b>

### Misleghaldne engasjement

Brutto misleghaldne engasjement over 90 dagar	32.060	26.920	32.520
- individuelle tapsnedskrivningar	-9.497	-3.247	10.029
<b>Netto misleghaldne engasjement</b>	<b>22.563</b>	<b>23.673</b>	<b>42.549</b>

### Tapsutsette engasjement

Brutto tapsutsette engasjement	0	3.511	0
- individuelle tapsnedskrivningar	0	-694	0
<b>Netto tapsutsette engasjement</b>	<b>0</b>	<b>2.817</b>	<b>0</b>

## ANSVARLEG KAPITAL OG KAPITALKRAV

(tal i heile kr 1.000)	31.03.19	31.03.18	31.12.18
Sparebankenes fond	441.308	410.810	441.308
Gåvefond	18.700	18.700	18.700
-Frådrag	-50.605	-37.669	-40.703
<b>Sum ansvarleg kapital (rein kjernekapital)</b>	<b>409.403</b>	<b>391.841</b>	<b>419.305</b>

### Engasjementskategoriar (vekta beløp)

Statar og sentralbankar	0	0	0
Lokale og regionale myndigheiter (herunder kommunar)	19.432	9.726	4.129
Offentleg eigde foretak	0	0	1.803
Institusjonar	26.033	37.686	42.331
Foretak	99.064	104.720	105.704
Engasjement med pantetrygd i eigedom	1.480.865	1.476.608	1.551.565
Forfalte engasjementer	26.732	38.158	32.595
Obligasjonar med fortrinnsrett	9.101	8.889	8.999
Andeler i verdipapirfond	135.150	46.685	33.254
Eigenkapitalposisjonar	52.249	80.242	87.105
Øvrige engasjement	40.376	32.714	52.296
<b>Berekningsgrunnlag kredittrisiko</b>	<b>1.889.002</b>	<b>1.835.428</b>	<b>1.919.781</b>

### Berekningsgrunnlag operasjonell risiko

	<b>143.038</b>	<b>137.181</b>	<b>143.038</b>
<b>Sum berekningsgrunnlag</b>	<b>2.032.040</b>	<b>1.972.609</b>	<b>2.062.819</b>

**Kapitaldekning**

<b>Rein kjernekapital i % av sum berekningsgrunnlag</b>	<b>20,15 %</b>	<b>19,86 %</b>	<b>20,33 %</b>
<b>Krav til kapital</b>			
Minimumskrav til ansvarleg kapital 8 % av sum berekningsgrunnlag	162.563	157.809	165.026
Ansvarleg kapital	409.403	391.841	419.305
<b>Overskot av ansvarleg kapital</b>	<b>246.840</b>	<b>234.032</b>	<b>254.279</b>
<b>Herav rein kjernekapital som kan dekke bufferkrav</b>	<b>246.840</b>	<b>234.032</b>	<b>254.279</b>
<b>Bufferkrav</b>			
Bevaringsbuffer 2,5 %	50.801	49.315	51.570
Systemrisikobuffer 3 %	60.961	59.178	61.885
Motsyklisk buffer 2 %	30.481	29.589	41.256
<b>Sum bufferkrav</b>	<b>142.243</b>	<b>138.083</b>	<b>154.711</b>
<b>Overskot rein kjernekapital</b>	<b>104.597</b>	<b>95.950</b>	<b>99.568</b>

**KONSOLIDERT KAPITALDEKNING**

Frå og med 1.1.2018 skal eigarpostar på under 10 % i samarbeidande grupper konsolideras inn i kapitaldekningsberekning. Luster Sparebank eig 6,6 % i Verd Boligkreditt AS og 1,35 % i Brage Finans AS og dette blir teke med i Luster Sparebank si konsoliderte kapitaldekning.

	<b>31.03.19</b>	<b>31.12.18</b>
<b>Konsolidert rein kjernekapitaldekning i %</b>	<b>19,30 %</b>	<b>19,34 %</b>
<b>Konsolidert kjernekapital dekning i %</b>	<b>19,52 %</b>	<b>19,56 %</b>
<b>Konsolidert kapitaldekning i %</b>	<b>19,73 %</b>	<b>19,86 %</b>

**UVEKTA KJERNEKAPITALANDEL**

	<b>31.03.19</b>	<b>31.03.18</b>	<b>31.12.18</b>
<b>Uvekta kjernekapitalandel</b>	<b>10,82 %</b>	<b>10,83 %</b>	<b>11,08 %</b>
<b>Konsolidert uvekta kjernekapitalandel</b>	<b>10,38 %</b>		<b>10,29 %</b>

**LIKVIDITET**

	<b>31.03.19</b>	<b>31.03.18</b>	<b>31.12.18</b>
<b>Liquidity Coverage Ratio (LCR)</b>	<b>118,0 %</b>	<b>131,0 %</b>	<b>212,0 %</b>